

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

2016/EØS/29/04

nr. 37/2015

av 20. mars 2015

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2014/732/EU av 20. oktober 2014 om endring av vedtak 2007/453/EF med omsyn til BSE-status for Bulgaria, Estland, Kroatia, Latvia, Luxembourg, Ungarn, Malta, Portugal og Slovakia⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukter er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 3) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg I til EØS-avtala, kapittel I del 7.2 nr. 49 (kommisjonsvedtak 2007/453/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32014 D 0732:** Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2014/732/EU av 20. oktober 2014 (EUT L 302 av 22.10.2014, s. 58).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsavgjerd 2014/732/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 21. mars 2015, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 20. mars 2015.

For EØS-komiteen

Gianluca Grippa

Formann

⁽¹⁾ TEU L 302 av 22.10.2014, s. 58.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.